

Høring – Forskift om produksjonstilskudd til nyhets- og aktualitetsmedier.

Språkrådet viser til høyringsbrevet frå Kulturdepartementet (datert 7. april 2022) med framlegg til forskrift om produksjonstilskott til nyhende- og aktualitetsmedium.

Høyringssvaret frå Språkrådet gjeld § 12 i framlegget, i tillegg har vi nokre overordna merknader som gjeld norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka..

- Språkrådet støttar framlegget om nynorsktilskott i § 12 andre ledd nummer 2
- Språkrådet meiner departementet bør sikre at norsk teiknspråk som språkleg og kulturelt likeverdige språk får tilgang til mediestøtte.
- Språkrådet meiner departementet bør ta omsyn til dei nasjonale minoritetsspråka i utforminga av ordningane for mediestøtte.

Bakgrunn for framlegga frå Språkrådet

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følger opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Språklova tok til å gjelde frå 1. januar 2022. I Prop. 108 L (2019-2020) *Lov om språk (språklova)* blir måla for språkpolitikken fastsette. Hovudmålet er å sikre norsk som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. Offentlege organ skal også bidra til å bruke, styrkje og utvikle samiske språk, og verne og fremme dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. § 1 i lova stadfester også at desse språka er likeverdige med norsk «som språklege og kulturelle uttrykk».

Mediefeltet er eit av dei viktigaste domena for norsk språk, og nynorsk er betre representert i media enn på mange andre område i samfunnet. På feltet er det også eit etablert språk mangfald, med tilbod på samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk og nyare minoritetsspråk.

I proposisjonen til språklova seier departementet at å sikre eit yringsfellesskap på norsk språk er viktig for å sikre «infrastrukturkravet i grunnlova § 100 sjette ledd: «*Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.*»

Språkpolitikken er eit sektorovergripande ansvar, og ordningar for mediestøtte er viktige for eit levande norsk mediespråk og det språklege mangfaldet i Noreg.

Merknader frå språkrådet

Merknad til §12 andre ledd nummer 2: Nasjonale nummertomedier og nasjonale nisjemedier som redigeres på nynorsk får et ekstra nynorsktilskudd.

Språkrådet støttar framlegget.

Etter språklova § 1 har offentlege organ eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket. For at språka skal vere likestilte, er det viktig at det blir lagt til rette for at eit *ope og opplyst offentleg ordskifte* kan gå føre seg på begge dei norske skriftspråka. Ved å særleg leggje til rette for bruk av nynorsk, vil det vere i tråd med intensjonen i lovgjevinga.

Merknad om norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Ordningane for mediestøtte skal etter mediestøtteloven § 1 «legge til rette for et mangfold» av medium. I Prop 138 L (2019-2020) *Lov om økonomisk støtte til mediene (mediestøtteloven)* seier departementet at ordet «mangfold» også inkluderer språkleg mangfald.

I utgangspunktet er dermed norsk teiknspråk og dei nasjonale dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romaner dermed relevante for den framlagte forskrifta, sidan ansvaret for å verne og fremje desse språka gjeld alle sektorar.

I proposisjonen til språklova seier departementet at kva dette ansvaret betyr for kvart offentlege organ avheng av samfunnsoppdraget til organet og dei særskilte behova og tilhøva til kvart enkelt språk. Ansvaret skal primært oppfyllast som ein del av arbeidet med andre oppgåver.

Språkrådet meiner at utforminga av mediestøtteordningane bør ta omsyn til ansvaret for å verne og fremje norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka og dei særlege behova og tilhøva deira i utforminga av ordningane for mediestøtte.

Språkrådet vil særleg gjere departementet merksam på at når mediestøttelova og forskrifta om produksjonstilskott skal sikre mangfald, gjer kravet i § 1 i forskrifta om at media skal vere «tekstbaserte» at teiknspråklege medium er utelukka frå tilskottsordninga, ettersom norsk teiknspråk ikkje finst i skriven form.

Norsk teiknspråk er eit av dei større minoritetsspråka i Noreg, med mellom ca. 16 000 og 25 000 språkbrukarar. I proposisjonen til språklova legg departementet legg vekt på at «fremje» for norsk teiknspråk sin del inneber at omsynet til språket skal få større vekt i «pågåande prosessar».

Språkrådet påpeiker at den reint skriftspråklege innretninga gir eit hol i systema for mediestøtte. Gjennom denne avgrensinga vil norsk teiknspråk ikkje få den same tilgangen på støtteordningane for journalistisk medieverksemd som dei andre språka det offentlege har ansvar for etter språklova. Språkrådet oppmodar departementet om å sikre at også norsk teiknspråk blir sikra som språk i nyhendemedia og ber om at støtteordningar for norsk teiknspråk blir greidd ut, gjerne i samband med det pågåande NOU-arbeidet om norsk teiknspråk.

Språkrådet er tilgjengelege for å diskutere dette nærmare for å sikre at også norsk teiknspråk er eit språk som kan ha ein medieoffentlegheit.